



MØTEINNKALLING KONTROLLUTVALET

Møtedato: 14.09.2016
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Roger Erlandsen epost roger.erlandsen@askoy.kommune.no , tlf 56158040/ 47628925

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
23/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
24/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
25/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
26/2016	ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER
27/2016	PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 2
28/2016	VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON
29/2016	HFK

ANDRE SAKER / DRØFTINGAR

6. september 2016

Boris Groth
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
23/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		16/1226

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/1226

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kontrollutvalet - 11.05.2016

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 11.05.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 17:18

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalseiar
Björg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Anny Bjordam Leiren	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bente Jorunn Sundheim	H	Anny Bjordam Leiren

Andre møtande:

Ass. Rådmann
Representant for økonomiavdelinga
Representant frå HFK, Hogne Haktorson
Roger F. Erlandsen, sekretær



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
16/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
17/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
18/2016	REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET
19/2016	REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF FOR 2016 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET
20/2016	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015
21/2016	INFORMASJON FRA HFK OM SEKRETARIATTENESTE
22/2016	ANDRE SAKER / DRØFTINGAR

Meldingar:

- Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune
- Fråsegn om årsrekneskapen 2015 for Vaksdal kommune, frå Deloitte
- Revisjonsrapport Vaksdal kommune 2015, frå Deloitte
- Uttalelse om særregnskapet 2015 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter, frå Deloitte



16/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

KONT - sak 16/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

17/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

KONT - sak 17/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**18/2016: REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ
KONTROLLUTVALET**

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen for 2015, rådmannen sin årsmelding for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhørande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukarenes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommune si økonomiske



situasjon for år 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsrapporten, og har ut over dette ingen merknader til kommunens rekneskap for året 2015.

Årsmeldinga vert teken til etterretning.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Administrasjonen hadde ein gjennomgang av årsmeldinga, og kommenterte rekneskapstala.

Representant frå Deloitte kommenterte punkta i revisjonsrapporten.

Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka er derfor satt opp igjen i neste møte i kontrollutvalet.

KONT - sak 11/2016 Vedtak:

Saka vert utsatt til neste møte.

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

Saka var satt opp i KU sitt møte 27. april 2016. Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka blei derfor satt opp igjen i dette møtet.

Administrasjonen deltok i møtet.

Kontrollutvalet har fylgjande merknader til årsmeldinga:

- Merknad til begrepsbruk påside 13 vedkomande omsorgsbustader og aldersbustader
- Det etterlyses tabell for mål og måloppnåing
- Det etterlyses oversikt over eiendommer som kommunen har ansvar for

Kontrollutvalet vil understreke at nødvendige sakspapir må utsendes i god tid, og seinest ei veke før møtet i utvalet.

KONT - sak 18/2016 Vedtak:

Årsmelding og Årsrekneskap 2015 for Vaksdal Kommune vert teken til etterretning med fylgjande uttale til Vaksdal kommunestyre:

Uttale:

Til kommunestyret i Vaksdal kommune

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var denavlagte årsrekneskapen for 2015 presentert irådmannen sinårsmelding for 2015,



og revisor sin revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaranes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommune sin økonomiske situasjon for året 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten, og har ut over dette ingen merknader til kommunens årsrekneskap for året 2015.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til årsmeldinga:

- Merknad til begrepsbruk på side 13 vedkomande omsorgsbustader og aldersbustader
- Det etterlyses tabell for mål og måloppnåing
- Det etterlyses oversikt over eiendommer som kommunen har ansvar for

Kontrollutvalet vil understreke at nødvendige sakspapir må utsendes i god tid, og seinest ei veke før møtet i utvalet.

19/2016: REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF FOR 2016 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhørende spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukarenes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter si økonomiske situasjon for år 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsberetninga, og har ut over dette ingen merknader til rekneskapen til Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter for året 2015.

Årsmeldinga vert teken til etterretning.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Administrasjonen kommenterte ikkje rekneskapen.

Representant frå Deloitte hadde ingenting å tilføye utover det som står i uttalelsen frå dei.

Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka er derfor satt opp igjen i neste møte i kontrollutvalet.



KONT - sak 12/2016 Vedtak:

Saka vert utsatt til neste møte.

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

Saka var satt opp i KU sitt møte 27. april 2016. Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka blei derfor satt opp igjen i dette møtet.

Administrasjonen deltok i møtet.

Kontrollutvalet har ikkje nokre merknader til rekneskapen, og viser til revisjonsberetninga frå Deloitte.

KONT - sak 19/2016 Vedtak:

Årsmelding og Årsrekneskap 2015 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter vert teken til etterretning med fylgjande uttale til Vaksdal kommunestyre:

Uttale:

Til kommunestyret i Vaksdal kommune

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarane sin informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter sin økonomiske situasjon for år 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsberetninga, og har ut over dette ingen merknader til rekneskapen til Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter for året 2015.

20/2016: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015

Framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner årsmeldinga 2015 for Kontrollutvalet i Vaksdal slik den ligg føre.



Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

Årsmeldinga blei gjennomgått av leiar for kontrollutvalet.

KONT - sak 20/2016 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner årsmeldinga 2015 for Kontrollutvalet i Vaksdal slik den ligg føre.

21/2016: INFORMASJON FRA HFK OM SEKRETARIATTENESTE

Framlegg til vedtak:

Orienteringa frå sekretariatet v/Hordaland fylkeskommune takast til orientering.

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

Hogne Haktorson v/Sekretariat for kontrollutvalet/Hordaland fylkeskommune informerte om deira tilbod til sekretariattjenester.

«Sekretariat for kontrollutvalet» vart oppretta i Hordaland Fylkeskommune i 2005. Sekretariatet har 5 tilsette, og utfører sekretariatstenester for 15 kommunar og Hordaland fylkeskommune.

Sekretariatet utfører:

Førebuing (praktisk/saksframlegg/innkalling)

Kontroll med at saker er fullstendig utgreidd

Kontroll med at sakene vert lagt frem for kontrollutvalget og kommunestyret til rett tid

Delta i KU-møter/skriving av protokoll

Kontroll med at vedtak blir sett i verk og planar fylgde

Administrere sekretariatstenester/journalføring

Sekretariatet utfører ikkje:

Utarbeiding av overordna analyser og planar

Det peikas ut ein person som skal fungere som sekretær for kontrollutvalet. Ved forfall/sykdom hos sekretær kan vikar settas inn.

Faktura bereknes ut frå timeforbruk.

Sekretariat for kontrollutvalet meiner at det bør utførast minst 4 møter i året.

Det må avtales ein egen pris dersom arbeid med anbud for revisjonstenester skal utføres.



Ved eventuell overgang til HFK må avtalen med Askøy kommune om sekretariattjenester gjennomgås.

KONT - sak 21/2016 Vedtak:

Orientering fra sekretariatet v/Hordaland fylkeskommune takast til orientering.

22/2016: ANDRE SAKER / DRØFTINGAR

Kontrollutvalet 11.05.2016

Behandling:

Eit medlem etterlyste «Orientering om omsorgsboliger» frå rådmannen. Denne saken settes opp i neste KU-møte.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		16/1226

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
25/2016.1	MELDING OM VEDTAK - REVISJONSTENESTER
25/2016.2	MELDING OM VEDTAK - ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015

Framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen

5892 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/592 - 16/4328

Saksbehandlar:

Sølvi Legård
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

01.06.2016

MELDING OM VEDTAK - REVISJONSTENESTER

Saka er behandla i Kommunestyret 23.05.2016 - Sak 34/2016

Det er gjort slikt vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

REVISJONSTENESTER

Mottakar:

Deloitte AS

Kopi til:

Roger Erlandsen

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2016	Kontrollutvalet	PS	27.04.2016
34/2016	Kommunestyret	PS	23.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/592

REVISJONSTENESTER

Kontrollutvalet - Sak 15/2016

KONT - Behandling:

Saka blei oppretta i møtet.

Møtet blei lukka, ref. kommuneloven §31, pkt. 5.

Vaksdal kommune har avtale med Deloitte om levering av revisjonstenester. Avtalen varer 3 år frå 1. juli 2013, med opsjon for oppdragsgevar til å forlengje avtalen i 1 år på same vilkår.

Innløysing av opsjon på forlengjing av avtalen skal jf. avtalen varslas 2 månader før avtalen går ut.

I møtet behandla kontrollutvalet spørsmålet om kommunen skal innløyse opsjonen, og dette blei einstemmig vedteke.

KONT - Tilråding:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Til kommunestyret i Vaksdal kommune, forslag til vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.

Kommunestyret - Sak 34/2016

KOM - Behandling:

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.



Kontrollutvalet v/sekretariatet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/659 - 16/5448

Saksbehandlar:

Sølvi Legård

solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

01.07.2016

MELDING OM VEDTAK - ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015

Saka er behandla i Kommunestyret 27.06.2016 - Sak 50/2016

Det er gjort slikt vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner årsmeldinga 2015 for Kontrollutvalet i Vaksdal slik den ligg føre.

Rett utskrift:

Sølvi Legård

Politisk sekretær/fagleiar arkiv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakar:

Kontrollutvalet v/sekretariatet

Post

post@vaksdal.kommune.no

Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no

Telefon +47 56 59 44 00

Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



vaksdal
kommune

BYNÆRT BYGDELIV



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
26/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/1226

ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.

Saksopplysningar:

Det blei i KU-møtet 25.11.15 vedteke å invitere rådmannen til å gi ein orientering om omsorgsboligene i kommunen.

Kontrollutvalet ønsker ein oversikt over antall boliger, kor dei fins, og informasjon om kven som kan bu i dei.

Rådmannen har tidlegare vert forhindra frå å gi denne orienteringa.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
27/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 217	15/1736

PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 2

Vedlegg:

Overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020

Overordna analyse for selskapskontroll 2016 - 2020

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 (arbeides med i møtet)

Utkast til plan for selskapskontroll 2016 - 2020 (arbeides med i møtet)

Framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

I arbeidet med prosjektplan for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, og prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll skal det utføres to prosessmøter. Det første prosessmøtet blei gjennomført i KU-møtet 27. januar 2016.

I møtet 27. januar blei det brukt eit risikospel med oversikt over dei ulike tjenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde. Før plasseringa av brikkene skulle vala ikkje diskuteras mellom medlemene. Medlemmene fekk anledning til å grunngje valane. Deloitte rettleia medlemene i dette arbeidet.

I prosessmøte 2 skal endeleg prioritering til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll gjennomførast. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdigstilte. Data som er samla inn blir presenterte med ei risikovurdering.

Data som har vorte samla inn:

- Dokumentanalyse (planar, meldingar og rapportar frå kommunen)
- Statistikk (først og fremst KOSTRA)
- Intervju (politiske og administrative leiarar i kommunen)
- Elektronisk spørjeundersøking (tilsette og administrative leiarar med undersøking i Questback. Spørjeundersøking som gjekk til administrative leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Spørjeskjema til dei tilsette i kommunen)

- Prosessmøte (I) med kontrollutvalet

Vaksdal kommune

Overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for forvaltningsrevisjon.

September 2016

«Overordna analyse for plan for
forvaltningsrevisjon»

September 2016

Dokumentet er utarbeidd for Vaksdal
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon	4
1.2	Metode for gjennomføring av overordna analyse	5
1.3	Lesarrettleiing	6
2	Oversikt over identifiserte risikoområde	7
2.1	Bakgrunn	8
2.2	Sektorovergripande oppgåver	8
2.3	Oppvekst	12
2.4	Helse og omsorg	13
2.5	Samfunnsutvikling	16
3	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	18
3.1	Område som er kategorisert som høg risiko	18
3.2	Område som er kategorisert som middels risiko	19
4	Tidlegare forvaltningsrevisjonar	21
4.1	Gjennomførte forvaltningsrevisjonar	21
	Vedlegg 1: Utvalde KOSTRA-tal	22

1 Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, kommuneadministrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.¹

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser

¹ Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

² Ibid

«risiko» til sannsynlighet for og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.³

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller inget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
- vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
- vurdere om regelverket blir etterlevd
- vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
- vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følge forskrifta skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovudsak informasjon frå Vaksdal kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne kommunen med snittet for dei andre kommunane.

Der det i analysen er vist til «gjennomsnittet for kommunar», viser dette (dersom anna ikkje går eksplisitt fram) til gjennomsnittet for alle kommunar i landet utanom Oslo.

1.2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Vi har gjennomført intervju med assisterande rådmann, kommunalsjef helse- og omsorg, oppvekstsjef, einingsleiar barnehage, einingsleiar samfunnsutvikling, einingsleiar sjukeheim og einingsleiar folkehelse.

³ For ein nærmare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalsboka" (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015) kapittel 6.


Av politiske leiarar har vi intervjuar ordførar, varaordførar og ein gruppeleiar. Gruppeleiarane elles fekk moglegheit til å kome med innspel på e-post.

1.2.4 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle tilsette i Vaksdal kommune. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 676 personar, og vi fekk inn svar frå 74 personar (11 prosent). I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

1.2.5 Prosessmøte med kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.



1.3 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I **kapittel 2** presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i **kapittel 3**. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggest fram for kommunestyret.

I **kapittel 4** presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

2 Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapitlet oppsummere og vurdere risiko for manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Vaksdal kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	«Høg risiko» På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.
	«Middels risiko» På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.


Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingar er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.1 Bakgrunn

Vaksdal kommune er organisert etter ein to-nivåmodell, med eit strategisk leiarnivå og eit operativt nivå. Det strategiske nivået består av rådmann, assisterande rådmann og to kommunalsjefar, mens det operative nivå er sett saman av seks resultateiningar⁴ samla under tre tenesteområde: helse og omsorg, oppvekst og samfunnsutvikling.

Figur 1: Organisasjonskart, Vaksdal kommune.



2.2 Sektorovergripande oppgåver

Det strategiske leiarnivået i Vaksdal kommune har ansvar for dei sentrale overordna stabsoppgåvene i kommunen, under dette mellom anna budsjett, økonomistyring og rekneskap.

Av årsmelding går det fram at 2015 har vore eit krevjande år for Vaksdal kommune. Kommunen har opplevd ein reduksjon i inntekter på grunn av nedgang i innbyggjartal og endring i alderssamansetting, samt lågare inntekter frå eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft. Samla sett har kommunen sitt driftsbudsjett for 2015 hatt ein reduksjon på om lag 4,7 millionar samanlikna med 2014. I årsmeldinga blir det peikt på at kommunen har hatt utfordringar med å tilpasse seg dei økonomiske rammene, men at det har blitt arbeidd i heile organisasjonen med å effektivisere drifta og å tilpasse driftsnivået til dei økonomiske rammene. Årsmelding for 2015 viser at Vaksdal kommune fekk eit brutto driftsresultat på ca. 8,8 millionar kroner, trass i utfordringane knytt til bortfall i inntekter.

Det går fram av kommunen si årsmelding for 2015 at Vaksdal kommune per 31.12.15 hadde ei netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på 51,3 prosent. Dette inneber ein auke i lånegjeld som er noko høgare enn det som var føresett i kommunen sitt budsjett. I årsmeldinga blir det peikt på at aukinga i lånegjeld skuldast auka investeringsramme og mindre overføringer frå drift enn det som opphavleg var budsjettert. I budsjett for 2016 er det sett som mål at kommunen skal ha ei netto lånegjeld på under 50 prosent.

KOSTRA-tal viser at Vaksdal kommune i 2015 hadde eit netto driftsresultat på 2,5 prosent, mot budsjettert driftsresultat på 2,4 prosent. Sjå Tabell 1 i vedlegget. Dette inneber ein auke frå 2 prosent i 2014. I undersøkinga blir det peika på at ein av Vaksdal kommune sine hovudutfordringar er at driftsnivået ikkje er godt nok tilpassa inntektsgrunnlaget. Av økonomiplan 2016-2019 går det fram at Vaksdal kommune har vedtatt eit langsiktig mål om 3 prosent netto driftsresultat for å sikre sunn økonomi over tid. Av planen går det fram at årleg

⁴ Dei seks resultateiningane er folkehelse og familie, samfunnsutvikling, heimetenesta, sjukeheimstenesta, skule og barnehage.

driftsoverskot er planlagt sett av til investeringar og disposisjonsfond, for å kunne takle ubalanse i økonomien over tid.

I undersøkinga blir det peika på at det manglar strategiske tiltak for å førebygge sjukefråvær og for å få sjukemeldte tilbake i arbeid. Det blir også peika på at det er utfordrande å få tid til vidareutvikling og effektiviseringsprosessar i sentraladministrasjonen, både på grunn av knappheit i ressursar og på grunn av manglande rutinar. Til dømes blir det peika på mangel på tydeleg leiing innan sentraladministrasjonen sidan HR-leiar manglar.

I undersøkinga blir det også peika på at sentraladministrasjonen har manglande rutinar for kvalitetssikring og avvikshandtering i prosjekt og tenesteproduksjon. Dette kan føre til feilrapporteringar. Det blir også peika på at det ikkje er sikra at alle tilsette tar i bruk pålagt arbeidsverktøy, som til dømes sakshandsamingssystemet, noko som kan føre til at henvendingar til kommunen ikkje blir svart på eller at ein går glipp av informasjon. Manglande bruk av sakshandsamingssystemet gjer også at dokument ikkje blir arkivert på rett måte. Det går fram at det er lite systemfokus i eininga, og at arbeidet er prega av «brannslukking».

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Sektorovergripande område				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Vedtaksoppfølging	I undersøkinga blir det peika på at det kan ta svært lang tid før administrasjonen følgjer opp politiske vedtak. Det blir vidare peika på at kommunen ikkje har eit godt system for å holde oversikt over kva politiske vedtak som skal følgjast opp og når. I undersøkinga blir det også peika på at ikkje alle politiske vedtak er like klare og at det kan vere behov for rutinar som sikrar at vedtak blir avklara innan rimeleg tid.	- Risiko for manglande eller sein vedtaksoppfølging - Risiko for uavklarte forhold mellom politikarane og administrasjon		
Sakshandsaming, service og informasjon	I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om sakshandsamingsrutinane i kommunen er gode nok. Det blir vist til at det generelt kan ta svært lang tid før innbyggjarar får svar på førespurnader og at det ikkje alltid blir sendt førebels svar når dette skulle ha vore gjort I undersøkinga blir det også vist til at kapasiteten i kommuneadministrasjonen er svært låg. Særleg på enkeltområde der det er få tilsette, er det gjerne ingen som har kapasitet til å ta over arbeidsoppgåvene til nokon som er borte, til dømes på grunn av sjukdom.	- Risiko for brot på forvaltningslova - Risiko for ikkje tilstrekkelege rutinar og kompetanse - Risiko for mangelfull service og lågt omdømme		

Sektorovergripande område				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Budsjettering og økonomistyring	I undersøkinga blir det peika på at budsjettering og økonomistyringa i kommunen bør vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kommunen strevar med å tilpasse seg reduserte inntekter. Det blir også peika på at det kan vere uklare liner mellom drift og investering i kommunen og at det kunne ha vore nyttig om det blei tatt ein gjennomgang av utvalte internkontrollrutinar knytt til økonomi Vidar blir det i undersøkinga peika på at det er uklart korleis ulike adhoc utval i kommunen nyttar pengane dei forvaltar og at dette bør sjåast nærmare på.	- Risiko for overskriding av budsjett. - Risiko for manglande økonomisk styring		
Internkontroll	I undersøkinga blir det peika på at kommunen manglar gode verktøy og rutinar for å sikre kvalitet og å følgje opp avvik både i prosjekt og i tenesteproduksjon	- Risiko for mangelfull kvalitet og lovbrøt - Risiko for at kommunen ikkje har system som sikrar at v blir følgt opp systematisk for å sikre læring og forbetring		
Innkjøp	I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko for brot på reglane om offentlege innkjøp, kanskje særleg knytt til kjøp av tjenester. Det blir peika på at regelverket kan bli oppfatta som strengt og vanskelig, og at det er lett for at det ikkje blir etterlevd.	- Risiko for brot på regelverket. - Risiko for kostnads-ineffektive innkjøp. - Risiko for omdømme.		
Arkivering og journalføring	I undersøkinga blir det peika på erfaringar med at tilsette i kommunen ikkje har tilstrekkeleg kjennskap til reglane for innsyn. Det blir vidare peika på at det finst mange døme på at arkivplikta ikkje blir halde ved at dokument ikkje har blitt arkivert.	- Risiko for brot på regelverket. - Risiko for at viktig dokumentasjon om saker ikkje er tilgjengeleg - Risiko for at uvedkomande får tilgang til informasjon som skal vere unntatt offentlegheit - Risiko for manglande bevaring av informasjon for etterida		

Sektorovergripande område				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Sjukefråvær, personal og HMT arbeid	I undersøkinga er det mange som peikar på at høgt sjukefråvær er ein stor utfordring for kommunen. Det er sett i gang eit arbeid for å redusere sjukefråværet i kommunen, men det blir samtidig peika på at kommunen manglar strategiske tiltak. I undersøkinga blir det også peika på at oppfølging av avvik som har kome fram i vernerundar kan vere mangelfull, til dømes ved skular. Kommunen manglar HR-leiar og det blir peika på at oppfølginga frå sentraladministrasjonen i kommunen når det gjeld sjukefråværsarbeidet og anna personalarbeid, kunne ha vore berte.	- Risiko for brot på regelverk - Risiko for et helseskadeleg arbeidsmiljø - Risiko for manglende effektivitet/målop pnåelse		I undersøkinga blir det peika på at det truleg er mest hensiktsmessig å undersøke arbeidet for å redusere sjukefråværet litt ut i planperioden når iverksatte tiltak har fått virke ein periode. Det blir for tida også arbeidd med å utvikle rutinar innan personalområdet
Bruk av mellombels stillingar og håndtering av tilsettingssaker	I undersøkinga blir det vist til at det er ein utstrakt bruk av mellombelse tilsettingar i kommunen. Det blir vist til at enkelte personar går i fleire år i same avdeling i kommunen utan tilsetting, for deretter å bli flytta til andre område i kommunen til nye mellombelse tilsettingar. Det blir samtidig vist til døme på at stillingar ikkje blir lyst ut, men at personar som har gått lenge i mellombelse stillingar blir tilsett utan konkurranse. Det blir peika på at kommunen truleg ikkje har gode nok rutinar når det gjeld tilsettingar. Dette inkluderer rutinar knytt til å dokumentere korleis tilsettingane har gått føre seg	- Risiko for svak rekrutteringspraksis - Risiko for brot på arbeidsmiljølova		
Næringsforvaltning og næringsstøtte	I undersøkinga blir det peika på at det er uklart korleis kommunen tildeler næringsstøtte og at det ikkje er etablert tilstrekkeleg med retningslinjer for korleis dette skal gå føre seg.	- Risiko for mangelfull eller tilfeldig styring - Omdømmerisiko		

2.3 Oppvekst

Tenestoområde oppvekst omfattar fire barnehagar⁵ og fem skular⁶ i Vaksdal kommune, samt vaksenopplæring og PPT for kommunane Modalen, Samnanger og Vaksdal (med kontor for PPT lokalisert på Dale).

Årsmeldinga for 2015 viser at kommunen innanfor oppvekstområdet hadde eit rekneskapsmessig overskot i 2015 på i overkant av 600 000 kroner. Overskotet kjem i hovudsak frå PPT, og skuldast større refusjon frå andre kommunar enn venta, samt noko redusert bemanning gjennom året.

Av årsmeldinga går det vidare fram at det i 2015 har vore nødvendig å redusere bemanninga i skulane for å tilpasse drifta til kommunen sine budsjettammer. Frå oktober 2014 til oktober 2015 reduserte eining skule tal årsverk til undervisning med fem årsverk, noko som har medført færre undervisningstimar og auka gruppestorleik/ redusert lærartettleik. Dette går også fram av KOSTRA-tal for 2015. Gjennomsnittleg gruppestorleik i Vaksdal kommune er høgare enn både snittet i kommunegruppa og landet elles (utan Oslo). Gjennomsnittleg gruppestorleik i Vaksdal kommune i 2015 var 14,2 elevar per lærar. Sjå Tabell 2 i vedlegget.

Vaksdal kommune har over fleire år hatt utfordringar knytt til høg andel elevar som får spesialundervisning, men KOSTRA-tal for 2015 viser at frå 2013 til 2015 har andelen elevar i grunnskulen som mottek spesialundervisning i kommunen gått ned frå 17,4 til 9,1 prosent. For 2015 ligg dermed andelen lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppa, men framleis over gjennomsnittet i landet elles (utan Oslo). Sjå Tabell 2 i vedlegget.

Det går fram av undersøkinga at tilsette i Vaksdalskulen opplever mål om sjukefråvær som utfordrande å nå, og å skaffe vikar ved sjukefråvær kan også vere ei utfordring. Det blir vidare peika på at det manglar system og rutinar i skulen for kortleis avviksskjema skal handsamast, og korleis avviksmeldingar skal følgjast opp t.d. etter avvik som kjem fram etter vernerundar ved skulen. Det blir vist til at dette er manglar som gjentatte gonger har vore peika på, utan at det har skjedd endringar. Det blir også ytra ønskje om enkle og oversiktlege rutinar på kva som skal takast vare på av elevmateriale.

I undersøkinga blir det peika på at det er utfordrande å lage gode fagrapportar innan skulesektoren, sidan skulane ikkje har felles rutinar for korleis dette arbeidet skal gjennomførast. Dei ulike skulane gjer dette arbeidet på ulike måtar, noko som gjer samanlikna frå skule til skule umogleg. Det blir også peika på at personalforvaltninga har fungert dårleg over fleire år.

I årsmeldinga for 2015 blir det vist til at sjukefråværet blant dei tilsette i barnehagane er ei utfordring. Sjukefråværet i barnehagane auka frå 2014 til 2015, og enda på 13,4 prosent. Kommunen si målsetting for 2015 for sjukefråvær i barnehagane var åtte prosent.

I 2014 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med Vaksdal kommune som barnehagemynde og kommunen sine vedtak om tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. I tilsynet blei det avdekt avvik knytt til innhald i vedtak og brot på krav i forvaltningslova og barnehagelova med forskrift. Fylkesmannen peiker på at kommunen må formulere vedtak om tilskot som inneheld informasjon om kor mykje barnehagen får i drifts- og kapitaltilskot og gjer det klart kva tall vedtaket er basert på og kor tala er henta frå. Vedtaka må også vise til alle rettsreglar som vedtaket byggjer på i sjølve vedtaket.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

⁵ Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal.

⁶ Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen.

Oppvekst				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Vedlikehald og fysisk miljø i skular og barnehagar	I undersøkinga blir det peika på at det fysisk skulemiljøet i kommunen er mindre bra. Kommunen har hatt ein gjennomgang, der skular og barnehagar har identifisert problem og manglar.	- Risiko for vedlikehalds- etterslep - Risiko for brøt på regelverk - Risiko for helsemessige konsekvensar - Risiko for mangelfulle rammebetingelsar for læring		Det er nyleg bygd to nye barnehager i kommunen, og vedteke nytt skulebygg. Kommunen opplyser å ha oversikt og kontroll, men veit at kvaliteten ikkje er god nok.
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	I undersøkinga blir det peika på at det kunne ha vore nyttig med forvaltningsrevisjon av korleis kommunen arbeider med spesialundervisning ved å leggje til rette for at fleire elevar innanfor ramma av tilpassa opplæring Det blir stilt spørsmål ved om elevar med rett til spesialundervisning får den hjelpa dei har krav på	- Risiko for ikkje optimal ressursbruk - Risiko for utilstrekkeleg tilrettelegging av undervisninga - Risiko for brøt på regelverket		Kommunen har dei siste åra lukkast med å få til ein stor reduksjon i andelen elevar med vedtak om spesialundervisning
Opplæring av minoritetsspråklege elevar	I undersøkinga blir det peika på at kommunen kunne ha vore betre på dette området og at området kunne ha vore interessant å få belyst nærmare gjennom ein forvaltningsrevisjon,	- Risiko for brøt på regelverk - Risiko for manglande integrering		Det blir opplyst at kommunen no er i ferd med å ta tak i dette området i samband med at kommunen reknar med at behovet for slik opplæring vil bli større i framtida
Bemanning i barnehagar	Det har til tider vore høgt sjukefråvær i barnehagane i kommunen.	- Risiko for manglande oppfølging av barn - Risiko for manglande ivaretaking av tryggleik - Risiko for uforsvarleg drift - Risiko for regelbrøt		I undersøkinga blir det peika på at barnehagane til tross for høgt sjukefråvær har lukkast med å ha tilstrekkeleg med personell på jobb

2.4 Helse og omsorg

Tenestekområdet helse og omsorg leverer tenester til kommunen sine innbyggjarar innanfor eit breitt område som spanner frå folkehelsearbeid til dagleg helse- og omsorgshjelp. Innanfor tenestekområdet helse og omsorg finn ein heimetenesta, sjukeheimstenesta, flyktingtenesta, barnevernet, helsestasjon- og skulehelsetenesta, legekontor, ergo- og fysioterapitenesta og NAV Vaksdal.

I årsmelding for 2015 går det fram at tenestekområdet hadde eit stort meirforbruk i første halvår av 2015, men at dette blei korrigert gjennom budsjettjustering i andre halvår med ei ekstraløyving på seks millionar kroner. Ved årsslutt enda tenestekområdet med eit overskot på om lag 3,8 millionar kroner, etter at cirka 2,2 millionar kroner av ekstraløyvinga for andre halvår blei nytta. Det blir i årsmeldinga peikt på at kommunen i andre halvår hadde ei positiv økonomisk utviklinga innanfor helse og omsorg, og at det blei sett i verk fleire tiltak som hadde positiv effekt på økonomien på området.

I budsjettet for 2016 blir det trekt fram at sjølv om kommunen har starta prosessen med å effektivisere og tilpasse eigne tenester innanfor helse og omsorg, er det framleis forbettringspotensial. Mellom anna blir det vist til at kommunen bør få fleire og betre tenester ut av dei ressursane som blir brukt på helse og omsorg. Av budsjett for 2016 går det fram at dei økonomiske rammene for tenesteområdet helse og omsorg er justert ned med om lag 5 millionar kroner for 2016 (frå 127 millionar kroner i 2015 til 122 millionar kroner i 2016).

I årsmelding for 2015 går det fram at sjukefråværet både i heimetenesta (13,8 prosent), sjukeheimstenesta (17,5 prosent) og folkehelse og familie-eininga (11,3 prosent) er høgt. Det blir peikt på at kommunen arbeider systematisk med oppfølging av sjukefråvær og tilrettelegging av arbeid for tilsette. I undersøkinga blir det peika på at det er utfordrande å nå målet om lågare sjukefråvær, og det er til tider mykje bruk av vikarar og i periodar også vikarbyrå. Det blir trekt fram i undersøkinga at det er for lite oppfølging frå sentraladministrasjonen når det gjeld sjukemeldingar.

KOSTRA-tala for Vaksdal kommune viser at kommunen nyttar ein betydeleg høgare del driftsutgifter av kommunen sine totale driftsutgifter til pleie og omsorg enn både snittet i kommunegruppa og landet elles (utan Oslo). Av Vaksdal kommune sine totale netto driftsutgifter, går totalt 44,7 prosent til drift av pleie og omsorg, medan tilsvarande tall for kommunegruppa og landet elles er 32,5 og 30,9 prosent.

Tal frå KOSTRA viser også at kommunen har eit høgt tal mottakarar av heimetenester både i aldersgruppa 67-79 år og aldersgruppa 80 år og over, samanlikna med kommunegruppa og landet elles.

I 2015 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med barnevern-, helsestasjons- og skulehelsetenesta og rus og psykisk helse i Vaksdal kommune. I tilsynet blei det avdekt avvik frå forskrift om internkontroll for kommunen sine oppgåver etter lov om barneverntenester og forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. I tilsynet blir det mellom anna peikt på at funksjonen som barnevernleiar i kommunen ikkje er tilstrekkeleg avklart, at kommunen manglar systematiske tiltak for å sjå til at tilsette har nødvendig kunnskap om opplysningsplikta til barnevernet og at rutinar for å sjå til at rutineane for mottak av meldingar og tilbakemeldingar er korrekte og blir følgt. Det blir og peikt på i tilsynet at opplæring om rett til, avgjerd om og utarbeiding av individuell plan er mangelfull.

Tal frå KOSTRA viser at kommunen nyttar mindre pengar på barneverntenesta per innbyggjar i aldersgruppa 0-17 år enn både snittet i kommunegruppa og landet elles. I 2015 hadde Vaksdal kommune netto driftsutgifter per innbyggjar mellom 0-17 år på om lag 6800 kroner. Tilsvarande tal for kommunegruppa og landet elles var 10300 og 8300 kroner.

Det går fram av undersøkinga at barnevernet opplever manglande ressursar og eit stort arbeidspress. På grunn av manglande fagleg tyngde kan det vere utfordrande å gjennomføre vedtak etter barnevernlova §4-12 om omsorgsovertaking. Det blir vidare trekt fram at barneverntenesta manglar rutinar for korleis ein skal melde avvik, og at det ikkje blir haldt jamlege personalmøte. Det blir også peika på at det er ein uklar ansvarsdeling innan barneverntenesta, og at det for dei tilsette kan vere uklart kva sjef som har ansvar for kva område, noko som gjer at dei tilsette ikkje veit kven dei skal henvende seg til.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Helse og omsorg				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Internkontroll innan pleie og omsorg	I undersøkinga blir det peika på fleire utfordringar knytt til internkontroll innan sjukeheimen. Det blir peika på at system og rutinar burde vore oppdatert på, det blir vidare vist til manglande ressursar til å holde fokus på fag, system og rutinar og at det det ikkje blir gitt god nok opplæring. Det blir vidare opplyst at det truleg er ein underrapportering av avvik på sjukeheimen I undersøkinga blir det vist til at det truleg er mest hensiktsmessig å sjå på heimetenesta og sjukeheimstenestene i samanheng i samband med ein ev. forvaltningsrevisjon innanfor dette området.	• Risiko for liv og helse • Risiko for regelbrot • Risiko for at avvik ikkje blir håndtert systematisk for å sikre læring og forbetring.		Det blir opplyst i undersøkinga at kommunen er i ferd med å ta tak i arbeidet med å sikre rutinar innan sjukeheimen
Barnevern	I undersøkinga blir det peika på at organisering og ansvar innan barnevernet er uklart. Arbeidspresset blir opplevd som stort og manglande fagleg tyngde kan gjere det krevjande å gjennomføre nødvendige vedtak om omsorgsovertaking Vidare blir det peika på at tenesta ikkje har tilstrekkelege rutinar knytt til korleis dei skal melde avvik. I følgje KOSTRA tal klarer ikkje Vaksdal kommune å sikre at alle barn med hjelpetiltak har tiltaksplan.	• Risiko for regelbrot • Risiko for uforsvarlege tenester • Risiko for at avvik ikkje blir meldt og dermed håndtert systematisk for å sikre læring og forbetring.		.
Førebyggjande tenester til barn og unge	I undersøkinga blir det peika på at barnevernet kunne ha vore betre på førebyggjande arbeid overfor barn og unge. Vidare blir det peika på at det er kritisk at kommunen manglar kommunepsykolog som barn kan bli henvist til ved behov.	• Risiko for manglande førebygging		I undersøkinga kjem det fram at alle skulane har ressursteam som har møte ein gang i veka (der PPT møte ein gong i månaden) som eit førebyggjande tiltak. Vidare blir det peika på at ein psykiatrisk sjukepleiar er tilgjengeleg for skulane og at dette er eit fagleg betre tilbod enn helsesøster for ein del barn.

Helse og omsorg				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Heimetenesta	I undersøkinga blir det peika på at kommunen innan heimetenesta manglar digitale verktøy for å forenkle bruk av system og rutinar for dei tilsette. Vidare blir det peika på at det er behov for auka kompetanse gjennom vidareutdanning innan hemetenesta	- Risiko for mangelfull tilgang til rutinar og nødvendige digitale verktøy - Risiko for ikkje tilstrekkeleg oppdatering av kompetanse		Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av Heimetenesta i 2014-2015.

2.5 Samfunnsutvikling

Tenesteområde samfunnsutvikling samlar dei ulike fagmiljøa i Vaksdal kommune som ikkje fell inn under oppvekst og helse og omsorg, og som saman er viktige for kommunen sitt arbeid med folkevekst, næringsutvikling og entreprenørskap, omdømme og identitet. Tenesteområdet er delt i to hovudeiningar: kommunalteknisk drift og plan, kultur og forvaltning. Kommunalteknisk drift har ansvar for kommunal eigedom, veg og grønt, reinhald og vaskeri og vatn og avlaup, mens plan, kultur og forvaltning handterer kommunen sine oppgåver og arbeid knytt til bibliotek, brannvesen, kulturskule, landbruk og vilt, kultur og miljø, plan- og byggesak, kart og oppmåling og prosjekt.

I årsmelding for 2015 blir det trekt fram at tilstandsregistrering av skulebygg syner eit stort vedlikehaldsetterslep, særleg ved Dale barne- og ungdomsskule. I budsjett for 2016 går det fram at kommunen har eit vedlikehaldsetterslep under 10 år på 307 millionar kroner, der Dale barne- og ungdomsskule står for 60 prosent av etterslepet.

Vidare går det fram av årsmelding for 2015 at sjukefråværet innanfor tenesteområdet er høgt. Det totale sjukefråværet innanfor samfunnsutvikling var 11,5 prosent i 2015, fordelt på 13,8 prosent innanfor kommunalteknisk drift og 7,1 prosent innanfor plan, kultur og forvaltning.

I undersøkinga går det fram at tenesteområdet for samfunnsutvikling manglar eit møtepunkt for samhandling på tvers av sektorar og fag. Det blir vidare trekt fram at sektoren manglar eit felles styringssystem på tvers av einingane. Det blir peika på manglande system og rutinar for personalansvar, og at internkontroll ikkje blir etterlevd på grunn av manglande oppfølging frå overordna nivå. Vidare blir det trekt fram at tenesteområdet manglar kompetanse på helse, miljø og tryggleik, noko som medfører at avvik sjeldan blir registrert og feil og/eller manglar ikkje blir retta opp i. Det er risiko for underrapportering, sidan nesten ingen avvik blir rapportert til Arbeidsmiljøutvalet.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Samfunnsutvikling				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Brannvern	I undersøkinga blir det peika på at det hadde vore nyttig å få gjennomført ein forvaltningsrevisjon av korleis kommunen arbeidar med brannvern	Risiko for ikkje tilstrekkelege tenester knytt til førebygging		

Samfunnsutvikling				
Område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Plan- og byggesakshandsaming	I undersøkinga blir det peika på at kommunen er sårbar når det gjeld plan- og byggesaksområdet fordi det er få personar som arbeider med dette.	- Risiko for brott på regelverk - Risiko for negativt omdømme		
Eigedomsforvaltning	I undersøkinga blir det peika på at kommunen sin utleigebustadar i hovudsak er lokalisert på Dale. Enkelte stiller spørsmål ved om kommunen burde ha diversifisert plassering av utleigebustadar meir, for å gjere det meir attraktive for fleire unge å bli i kommunen.	Risiko for manglande måloppnåing knytt til busetting		
Internkontroll innan tekniske tenester	I undersøkinga blir det peika på mangelfull internkontroll innan dei tekniske tenestene. Det blir peika på at oppfølginga frå leiinga burde ha vore betre og også nødvendig samarbeid på tvers mellom einingar der dette er relevant.	- Risiko for brot på regelverk - Risiko for at feil ikkje blir utbetra		

3 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt

På bakgrunn av dei analyser og risikovurderingar som er gjennomført er det identifisert fleire område som etter Deloitte si meining kan representere ein risiko, og der kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Vaksdal kommune.

Forslaga dannar grunnlaget for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skisserte under.

3.1 Område som er kategorisert som høg risiko

I tabellen nedanfor er potensielle prosjekt kor det er vurdert høg risiko på området presentert. Presentasjonen inneheld ikkje noko form for prioritering eller vesentlegvurdering, men er ei opplisting av potensielle prosjekt under kvart område.

	Sektorovergripande	Nøkkelpunkt
1	Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging	• System og rutinar • Avklaring av vedtak
2	Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, service og informasjon	• Regeletterleving • System og rutinar • Bruk av tilbakemeldingar
3	Forvaltningsrevisjon av budsjettering og økonomistyring	• System og rutinar • Organisering
4	Forvaltningsrevisjon av internkontroll	• System og rutinar • Avviksmeldingar • Risikovurderingar
5	Forvaltningsrevisjon av innkjøp	• Regeletterleving • Kjøp av tenester • Opplæring og rettleiing • Ansvar
6	Forvaltningsrevisjon av arkivering og journalføring	• Regeletterleving • System og rutinar • Opplæring og rettleiing

7	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær, personal og HMT arbeid	• System og rutinar • Opplæring og rettleiing • Tiltaksarbeid • Erfaringsdeling • Involvering av annsattrepresentantar
8	Forvaltningsrevisjon av bruk av mellombels stillingar og håndtering av tilsettingssaker	• Regeletterleving • Dokumentering • System og rutinar
9	Forvaltningsrevisjon av næringsforvaltning og næringsstøtte	• System og rutinar • Dokumentering • Strategi og mål
Oppvekst		Nøkkelpunkt
10	Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning	• Regeletterleving • Tidleg innsats • System og rutinar
11	Forvaltningsrevisjon av bemanning i barnehagar	• Kostnader knytt til vikarbruk • Tryggleik og sikring av pedagogisk innhald
Helse og omsorg		Nøkkelpunkt
12	Forvaltningsrevisjon av internkontroll innan pleie og omsorg	• Regeletterleving • System og rutinar
13	Forvaltningsrevisjon av barnevern	• Regeletterleving • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse
Samfunnsutvikling		Nøkkelpunkt
14	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming	• Kapasitet og kompetanse • System og rutinar
15	Forvaltningsrevisjon av internkontroll innan tekniske tenester	• System og rutinar • Avviksmeldingar • Risikovurderingar

3.2 Område som er kategorisert som middels risiko

	Oppvekst	Nøkkelpunkt
1	Vedlikehald og fysisk miljø i skular og barnehagar	• Regeletterleving • System
2	Opplæring av minoritetsspråklege elevar	• Regeletterleving • Kapasitet

Helse og omsorg		Nøkkelpunkt
3	Førebyggande tenester til barn og unge	• Samarbeid • Kompetanse
4	Heimetenesta	• Rutinar • Kompetanse
Samfunnsutvikling		Nøkkelpunkt
5	Brannvern	• Førebyggande arbeid
6	Eigedomsforvaltning	• Mål og strategi

4 Tidlegare forvaltningsrevisjonar

4.1 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Det er gjennomført fleire forvaltningsrevisjonar for Vaksdal kommune dei seinaste åra. I perioden 2013 – 2016 handsama kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar innan følgjande område:

- Heimetenesta (2014-2015)
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar (2014)
- Vedlikehald av kommunale bygg og vegar (2013)

Vedlegg 1: Utvalde KOSTRA-tal

Tabell 1: Finansielle nøkkeltal, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	6,9	-0,3	2,2	4	1,4	2,3	2,1	0,7	2,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	9,8	2	2,6	3,8	1,7	3	2,7	1,2	2,9
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	42,8	49,5	40,7	70,9	74,6	73	76	80	81
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	176,1	198,5	200,1	213,3	226,6	219,6	208,6	217,7	216,9
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) i % av brutto driftsinntekter, konsern	23	23,2	24	23,6	23,8	24,6	32,9	32,5	33
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter, konsern	34,6	36,1	35,8	33,7	34,8	33,8	32,8	33,7	32,6
Andre statlige tilskudd til driftsformål i % av brutto driftsinntekter, konsern	2,9	2,6	3,3	3	3,3	3,4	2,9	3,2	3,4
Eiendomsskatt i % av brutto driftsinntekter, konsern	8,8	9,1	8,6	6,7	6,9	6,5	2,8	2,9	3,2
Salgs- og leieinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	10,1	10,4	11,1	14,2	13,6	14,6	14,3	14,3	14,3
Andre driftsinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	16	13,5	18,9	17,8	15,6	17,3	14,1	13,1	14,9
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	77553	82459	80611	77214	78955	80334	57119	58647	60118
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	89793	96966	94105	92584	95514	96575	70567	72912	73909
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger, konsern	96422	96718	96246	96479	96918	98799	72115	73405	75805
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	41251	47859	39200	68400	72294	72143	54837	58744	61391
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	55549	57273	57562	55322	56740	57770	47415	48612	49762

Tabell 2: Grunnskule, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	23	20,9	21,6	24,1	24,2	23,8	24,2	24	24,1
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	14544	14025	13913	14975	15523	15511	12233	12484	12615
Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	96,7	97,9	92,3	99,3	99,2	98,5	96,9	96,4	96
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	1,7	2,8	2,3	4,3	4,2	3,9	5,7	5,5	5,3
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring	0,9	0,7	0	1,6	1,6	1	2,7	2,5	2,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	17,4	10,3	9,1	11,1	10,5	10,1	8,4	8,1	7,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	9	7	7,6	7,4	7,1	6,8	5,5	5,2	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	25,2	15,9	11,7	13,2	12,4	12	9,7	9,5	9,2

Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	21,7	10,3	8,9	13,6	12,9	12,2	10,8	10,5	10,3
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	68,9	68,8	68	49,7	48	48	61,8	60,9	60
Elever per kommunal skole	93	92	97	114	116	122	210	213	217
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	11,8	11,7	14,2	10,7	10,4	10,4	13,5	13,6	13,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	12,6	11,8	16	10,3	10	10,1	13,3	13,3	13,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	9,3	10,1	12,6	9,9	9,6	9,8	12,9	13	13
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	13,4	13,2	13,9	11,7	11,5	11,2	14,3	14,3	14,1
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	100	100	95,5	98,7	98,2	98,5	98	98,1	98,1
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	36,3	38,6	37,3	..	..	..	40	40,3	40,7
Andel lærere som er 60 år og eldre	13,2	18,6	..	12,9	13,5	..	12,2	12,4	..
Andel lærere i heltidsstilling	55,9	52,9	..	60,1	60	..	62,2	62,9	..
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning	85,3	82,9	..	84,5	85,1	..	87,1	87,8	..
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning uten pedagogisk utdanning	7,4	10	..	6,3	6,1	..	6,3	5,6	..

Tabell 3: Barnehage, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	8,3	8,9	9,8	11	11,3	11	14,4	14,9	14,7
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	90858	110629	124148	126474	137333	138288	118763	128637	130549
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	97,4	100	100	73,4	72,9	72,3	50,4	50,1	49,6
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	27,7	28,1	36,5	31,5	32,2	34,6	34,1	35	36,4
Andel ansatte med annen pedagogisk utdanning	0	9,4	3,8	3,3	4,3	5,8	3,4	4,3	7,5
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	100	85	94,4	85	88	91,6	88,4	90,9	92,6
Andel styrere med annen pedagogisk utdanning	0	..	..	9,8	8,1	7,6	6,5	6,2	5,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	..	17,1	16,2	..	13,6	14,7	..	15,3	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager	..	17,1	16,2	..	14,8	16,2	..	18,5	19,8
Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (m2)	5,6	5,2	6,1	7,1	7,3	7,3	5,7	5,8	5,8
Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager (m2)	..	..	..	4,3	4,3	4,2	5,1	5,1	5,2

Tabell 4: Pleie og omsorg, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	46,3	44,3	44,7	33,4	34,4	32,5	30,7	31,5	30,9

Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	56,6	54,2	48,9	50,7	49,6	48,9	45	44,7	44,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	29236	29698	28828	20750	22046	21140	15524	16385	16197
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	359157	366395	378717	371420	396107	385137	349350	372269	371159
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	147246	148164	149019	123770	128017	120303	109799	113092	109336
Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning	75	74	..	75	77	..	75	75	..
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerretnede tjenester	7	11,6	..	8,1	8,4	..	8,6	8,9	..
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	13	13	17	23	23	23	20	20	21
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	105	102	116	93	91	89	72	69	68
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	427	395	392	401	384	382	339	333	329
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67 år og over	10,8	8,8	9,5	10,7	11,3	11,7	12,5	13	13,2
Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester	24,7	23,3	22,1	19	19,2	18,5	17,9	17,8	17,4
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år og over	23,1	20,5	21,3	21,1	21,2	20,7	18,4	18,4	18,2
Andel beboere på institusjon under 67 år	..	..	..	7,6	7,8	6,3	10,7	11	11,1
Andel beboere i institusjoner 80 år og over	75,8	81,5	88,5	73,7	75	74,1	71,2	70,5	69,6
Andel innbyggere 67 år og over som er beboere på institusjon	5,7	6,5	6,8	6,5	6,3	6,1	5,3	5,1	4,9
Andel innbyggere 67-79 år som er beboere på institusjon	..	..	..	2	1,7	1,9	1,6	1,5	1,5
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	13,9	16	17,2	15,7	15,8	15,5	13,5	13,4	13,1
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	80,9	89,8	90,7	96,8	94,2	96,4	96,9	..	96,7
Andel plasser avsatt til tidsbegrenset opphold	21,6	16,2	23,3	19,8	18,5	19,9	18,7	19,5	19
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	23	21,6	21,9	28,1	27,3	29,5	23,9	24,5	26,1
Andel plasser avsatt til rehabilitering/habilitering	10,8	5,4	11	8,4	7,1	8,5	7,9	7,7	7,9
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,61	0,59	0,63	0,45	0,47	0,49	0,47	0,5	0,54
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,24	0,23	0,12	0,32	0,36	0,35	0,37	0,37	0,41
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	93,7	91,1	93	93,7	94,8	94,4
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	100	100	100	86,2	81,8	84,3	82	84	84,2
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon, konsern	3377	3391	3235	3023	3251	3196	2927	..	3138
Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser	100	100	100	95,2	93,7	92,4	92,9	93	92,8

Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	13,7	18	16,1	11,7	12,3	14	13,2	13,7	14,2
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	9,7	5,3	6,5	10,3	10,9	10,6	12,1	12,7	12,8
Andel av brukere (%) med noe/avgrenset bistandsbehov	38,9	38,7	38,9	44,2	44,5	43,1	43,9	43,6	43,2
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	24,3	23,6	24,7	24,2	24,8	24,7	23,8	24,2	24,3

Tabell 5: Kommunehelse, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	3635	3698	3187	3578	3813	3794	2161	2318	2384
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	5,8	5,5	4,9	5,8	5,9	5,8	4,3	4,5	4,6
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år, konsern	6007	7612	7905	8612	9867	9697	6888	7531	7916
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år, konsern	1616	2028	2038	2178	2477	2440	1894	2057	2139
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger, konsern	139	18	23	173	182	201	150	162	172
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, konsern	3090	3183	2658	2856	3014	2991	1512	1620	1659
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,7	10,8	10,7	13,8	13,7	13,8	10,2	10,4	10,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,7	8,7	9,9	10,4	10,3	10,1	8,9	9	9
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	92	109	106	91	90	96	85	86	89
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	92	109	106	103	102	103	99	99	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	77	86	97	99	98	97	96	99	99
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	83	75	81	96	102	96	94	97	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	106	73	101	107	100	102	92	95	99
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,61	0,59	0,63	0,45	0,47	0,49	0,47	0,5	0,54
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,24	0,23	0,12	0,32	0,36	0,35	0,37	0,37	0,41
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	1,4	1,5	..	3,7	3,8	..	3,3	3,5	..
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	8,7	7,6	..	6,3	5,6	...	4,5	4,5	...
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	13	11,9	...	15,3	14,9	..	11,5	11,8	..
Gjennomsnittlig listelengde	1178	1167	1158	794	786	779	1125	1108	1102
Reservekapasitet fastlege	116	117	118	112	112	112	105	105	105
Andel kvinnelige leger	100	100	100	35	38	42	39	40	41

Tabell 6: Sosialtenesta, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern	879	1124	1251	1400	1515	1624	1812	1907	1966
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	1,4	1,7	1,9	2,3	2,4	2,5	3,6	3,7	3,8
Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid, konsern	41,6	31,8	33,1	44,5	45,5	50,6	37,5	37,7	37,5
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp, konsern	58,4	68,1	66,9	50,5	51,2	46,2	48,2	49,9	49,8
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer, konsern	0	0,1	0	5	3,2	3,2	14,3	12,5	12,6
Sosialhjelpsmottakere	99	100	96	:	:	..	257	266	269

Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere	2,4	2,4	2,3	:	:	..	2,5	2,5	2,5
Korrigerte driftsutgifter til sosialtjenesten pr. mottaker, konsern	9313	11460	13552	:	:	..	38294	40318	40931
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	7410	8515	9328	..	..	..	..	..	..
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	44,4	47	40,6	:	:	..	44,8	45,5	46,5

Tabell 7: Barnevern, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til sammen per innbygger, konsern	1027	962	1430	1958	2006	2130	1607	1759	1821
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	4843	4662	6770	9283	9670	10309	7192	7965	8315
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244), konsern	47,1	12,2	37,6	30,5	30,3	30,7	32,4	32	30,9
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251), konsern	24,7	15,5	15,5	17,2	15,7	12,8	13	12,1	11,5
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252), konsern	28,1	72,2	46,9	52,3	54,1	56,6	54,6	55,8	57,7
Barn med melding ift. antall innbyggere 0-17 år	4	5,1	5,6	:	:	:	4,1	4,1	4,2
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,6	5,2	5,9	:	:	:	4,8	4,8	4,8
Andel meldinger med behandlingstid innen 7 dager	100	100	97	:	:	:	98	98	98
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	68	84	78	66	69	76	73	78	82
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	48	44	41	:	:	:	78	82	86
Andel meldinger som går til undersøkelse	97,8	97,9	84,7	:	:	:	78,9	79,4	79,7
Andel undersøkelser som førte til tiltak	47,1	42,2	55,9	:	:	:	43,4	44,3	42,8
Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	:	47,6	34,3	:	:	:	74,8	78,8	82,9
Andel barn med omsorgsplan av barn under omsorg	:	:	:	:	:	:	85,4	88,4	91,4
Stillinger med fagutdanning av alle fag- og tiltaksstillinger	67	86	88	97	99	98	98	98	99

Tabell 8: Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,7	0,67	1,35	1,26	1,21	1,09	1,07	1,18	1,12
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,64	0,59	1,02	0,73	0,69	0,66	0,58	0,65	0,59
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,15	0,25	0,54	0,44	0,4	0,42	0,38	0,43	0,42
Alder for kommunal planstrategi	1	2	3	2	2	4	11	2	3
Alder for kommuneplanens arealdel	6	7	8	8	6	8	6	6	3
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	8	9	10	7	6	5	6	5	4
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0	0,01	0,13	0,06	0,08	0,08	0,02	0,04	0,01
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger.	1	8	83	39	53	50	9	19	8
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,49	0,32	0,35	0,23	0,2	0,16	0,18	0,19	0,16
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger.	-23	-21	92	151	172	124	75	89	92

Andel driftsutg. til plansaksbehandling av totale driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging.	15	27	36	32	32	30	35	37	38
Andel driftsinntekter fra plansaksbehandling av totale driftsinntekter fra fysisk tilrettelegging og planlegging.	0	2	2	19	17	11	18	18	19
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål. jf. PBL-08 § 33-1.	30000	22000	30000	..	..	..	51637	51630	..
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	..	10000	10500	225946	..	..	10274	11055	..
Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2.	..	17000	20000	413128	..	..	14715	15433	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist. Kalenderdager	..	18	16	19	16	18	20	20	20
Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist. Kalenderdager	..	40	41	..	..	..	36	38	..
Andel søkn. om tiltak der komm. har overskredet lovpålagt saksbehandlingstid	..	0	0	8	..	..	8	8	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	..	54	44	..	..	..	67	57	..
Andel av leke- og rekreasjonsarealer som er under kommunalt driftsansvar.	..	75	..	3	46	..	46	58	..
Samlet lengde av turveier, turstier og skiløyper (km)	..	160	160	213	263	226	192	198	385
Turstier og løyper tilrettelagt for sommerbruk per 10 000 innbygger	..	366	364	398	540	452	108	114	286
Andel av turstier og sommerløyper som er under kommunalt driftsansvar	..	0	0	60	38	29	44	36	13
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/komm. driftsansvar per 10 000 innb.	2	2	2	254	220	140	60	53	51
Antall innvilgede disp. for nye bygninger i strandsonen per 100 km kystlinje	..	0	0	0	..	..	1	1	..
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	..	..	..	91	..	..	81	85	..
Andel innv. disp.søkn. om nybygg i LNFR-omr. m byggeforb. v. ferskvann. Prosent	..	..	..	100	..	..	89	85	..
Andel av disp.søknader for nybygg i LNFR-områder som ble innvilget. Prosent	..	100	100	95	..	..	90	83	..
Andel av behandlede detaljreguleringsplaner som var private forslag. Prosent	..	33	..	52	77	68	69	71	73
Andel av kommune(del)planer areal det er fremmet innsigelse til. Prosent	..	..	..	100	..	40	60	58	54
Andel reguleringspl. (område og detalj) det er fremmet innsigelse til. Prosent	100	0	..	29	10	14	36	21	24

Tabell 9: Kultur, Vaksdal kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Vaksdal			Snitt kommunegruppe 3			Landet utan Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	3,5	3,8	3,8	3,9	4,2	4,3	3,7	3,8	3,8
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner, konsern	2206	2571	2430	2428	2721	2815	1886	1991	1984
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-20 år, konsern	1120	1347	438	879	883	816	861	881	824
Tilskudd til frivillige barne- og ungdomsforeninger per lag som mottar tilskudd, konsern	6900	90000	..	12088	11985	8552	22301	25072	27803
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	15	21	..	740	735	742	13999	13750	13173
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd	20800	11667	..	23155	22598	24863	33380	35660	36970
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	1,5	1,2	1,1	0,8	0,8	0,8	0,6	0,6	0,5
Netto driftsutgifter til kommunale kultur- og musikkskoler per innbygger, konsern	933	792	688	496	504	502	288	302	287

Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	20	18,9	17,3	26,9	23,7	24	15,5	14,5	14,3
Andel barn i grunnskolealder som står på venteliste til kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	1,7	3,8	4,1	..	..	..	..	..	..

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Vaksdal kommune

Overordna analyse for plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for selskapskontroll. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for selskapskontroll.

«Overordna analyse for plan for
selskapskontroll 2016 - 2020»

September 2016

Dokumentet er utarbeidd for Vaksdal
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Overordna analyse og plan for selskapskontroll.....	4
1.2	Metode	5
1.3	Lesarretteiing.....	6
2	Eigarskap.....	7
2.1	Eigarskapsforvaltning.....	7
2.2	Oversikt over selskap.....	7
2.3	Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80	7
2.4	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80	10
2.5	Foretak, samarbeid og foreninger.....	13
2.6	Gjennomførte selskapskontroller	13
3	Forslag til selskapskontroll.....	14

1 Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for selskapskontroll for å føre kontroll med eigarinteressene til kommunen. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for selskapskontroll for 2016-2020.

For at planen skal spegle dei viktigaste områda der det er behov for selskapskontroll, har Deloitte gjennomført ein risiko- og vesentleganalyse (overordna analyse) av eigarskapsforvaltninga til kommunen. I prosessen med den overordna analysen er det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, administrasjonen og politisk leiing.

Analysen er av ein overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og i spørjeundersøking er berre i nokon grad verifisert av kommunen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan bli følgt opp/undersøkt i ein selskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.1 Overordna analyse og plan for selskapskontroll

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære forvaltninga. Kommunen er pålagt å føre kontroll med sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;


...minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innsynsretten i selskapa som kommunen har eigarskap i er regulert av kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap (IKS),
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til selskapa nemnd over.

Selskapskontroll kan romme ulike former av kontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnde formane. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll. Dette er ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarskap. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan ein mellom anna vurdere selskapet sin økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut

frå kommunale vedtak og føringar. Overgangen mellom desse to formene for selskapskontroll kan vere glidande. I Kontrollutvalsboka blir dette illustrert med følgande figur. ¹



Risiko- og vesentleganalyse er ein prosess som skal initierast av kontrollutvalet og nyttast som eit verktøy for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll.² Med omsyn til risiko er det særleg desse forholda som bør vurderast:

- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lovar og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytta
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for selskapskontroll:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske teneste til kommunen
6. selskap som er heileigde av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtall) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/ tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme


1.2 Metode

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen bygger på ein gjennomgang av kommunen si eigarskapsmelding, selskapa sine nettsider, selskapa sine årsmeldingar, kommunale dokument, kommunen sine nettsider, samt ravninfo.no.

¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) Kontrollutvalsboka.

² Jf, §13 i forskrift om kontrollutval



2 Eigarskap

2.1 Eigarskapsforvaltning

Deloitte gjennomførte i 2015 ein revisjon av eigarskapsforvaltninga i Vaksdal kommune. Føremålet med revisjonen var å undersøke og vurdere kva system og rutinar Vaksdal kommune har for å forvalte sine eigarskap i selskap dei har eigarinteresser i, med eit særleg fokus på i kva grad KS sine retningslinjer for eigarskapsforvaltning vart følgt opp av kommunen.

Revisjonen fann at Vaksdal kommune ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding eller andre rutinar og retningslinjer for eigarskapsforvaltninga til kommunen. I følgje revisjonen er ikkje dette i samsvar med kommunestyret sitt vedtak frå 2012 eller med KS sine tilrådingar knytt til god eigarskapsforvaltning.

Vidare meinte revisjonen at kommunen bør vere tydeleg på kvifor kommunen eig dei ulike selskapa og korleis kommunen ønskjer å følgje opp dei einskilde selskapa. Revisjonen tilrådde derfor mellom anna at Vaksdal kommune å utarbeide ei eigarskapsmelding som jamleg blir oppdatert og utarbeidar ein eigarskapsstrategi for selskapa kommunen eig. Kommunen har foreløpig ikkje vedtatt slike dokument.

2.2 Oversikt over selskap

Oversikta over selskap som er presentert under er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Vaksdal kommune si årsmelding frå 2015, supplert med informasjon frå RAVN Bedriftsinfo, det enkelte selskapet sine nettsider og informasjon som er komme fram i undersøkinga gjennom intervju og spørjeundersøking.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kommer inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Vaksdal kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller staglege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskeleg med ein selskapskontroll.

2.3 Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80

Vaksdal Næringspark AS	
Eigardelar 100%	Verksemda sitt føremål er å eige og utleige anlegg for næringsverksemd, utvikle bustader for sal i Vaksdal kommune, samt alt som står i naturleg samanheng med dette. Verksemda kan delta i andre verksemdar, ved aksjeteikning eller på annan måte.
Nøkkelpunkt	
• Heileigd av kommunen • Samfunnsansvar • Omdøme	Dei siste tre åra har det ikkje vore registrert omsetning i verksemda og den har derfor hatt eit underskot desse åra. Verksemda har vidare god likviditet og låg gjeldsbelastning. Verksemda har førebels tilstrekkeleg med eigenkapital til å dekke desse og framtidige underskot.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	626	666	700
Inntekter	0	0	0
Resultat før skatt	-40	-34	-204

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Eigardelar 2,85%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Verksemdskritisk teneste
- Etikk og omdømme

Verksemda sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentlig verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. 2.

Verksemda skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: a) ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv b) utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane c) lokale kurs om arkivfaglege emne d) tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv e) rettleiing om arkivfaglege spørsmål. f) rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv.

Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

Totalt er det øve 30 deltakar kommunar med i det interkommunale samarbeidet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	Ingen rekneskap registrert.		
Inntekter	Ingen rekneskap registrert.		
Resultat før skatt	Ingen rekneskap registrert.		

Business Region Bergen AS

Eigardelar 2%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

Verksemda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablere tenester, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment. Verksemda har ikkje erverv som føremål. Verksemda skal ikkje dele utbytte.

Verksemda har i tre av dei fem siste åra hatt eit negativ resultat før skatt, og inntektene har i same periode hatt ein jamn minke. Verksemda har i perioden likevel hatt tilfredstillande likviditet og låg grad av gjeldsfinansiering, desse nøkkeltala fortel derfor om stabil drift. Underskot skuldast i stor grad til dels store variasjonar i driftskostnader.

Største eigarar i verksemda er Hordaland Fylkeskommune (35%) og Bergen Kommune (35%). Vidare er ei rekke av andre kommunar i nærområde inne på eigarsida.

Verksemda har eit heileigd dotterselskap, BRB Vekst AS, som også fel innanfor §80.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	4 387	3 689	4 960
Inntekter	16 509	18 718	20 463
Resultat før skatt	699	-1 327	-389

BIR AS

Eigardelar 1,61%

Nøkkelpunkt

Verksemda skal eige og forvalte verksemdar som skal sørge for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan og etablere innsamling, transport og handsaming av produksjon-, nærings- og farlig avfall. Vidare kan verksemda ta på seg alle oppgåver som naturleg høyrer saman med dei oppgåver som er nemnd i fyrste avsnitt. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar eller delta i andre føretak dersom dette er hensiktsmessig for oppfylle føremålet. Ved framtidige vedtak om avfallshandsamingsmetode og tilhøyrande anlegg vil verkskommunane (aksjeeigarane) vere bestemmande organ i samsvar med plan og bygningslovas regelverk.

Bergen kommune er største eigar i verksemda med ein eigardel på 80%. I tillegg til Vaksdal er det åtte andre kommunar frå regionen inne på eigarsida.

- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Dei økonomiske talla for verksemda fortel om eit selskap med stabil og solid drift.

BIR AS har følgande heileigde dotterselskap, som alle fell innanfor §80:

- BIR Bedrift AS
- BIR Privat AS
- BIR Transport AS
- BIR Avfallsenergi AS
- BIR Nett AS
- Fleslandsveien 244 AS
- Møllendalsveien 40 AS
- Conrad Mohrs veg 15 AS
- Møllendalsveien 31 AS

BIR eig og 15,79% av Rekom AS. Rekom er eigd av 56 kommunar og interkommunale selskap og fall innanfor §80. I tillegg eig BIR ein eigardel i BKK Varme (49%). BKK Varme fell utanfor §80.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014 (K)	2013 (K)	2012 (K)
Eigenkapital	277 461	268 067	231 451
Inntekter	677 283	677 889	700 676
Resultat før skatt	33 168	49 204	76 547

Driftsassistansen i Hordaland - Vann og avløp IKS

Eigardelar 1,10%

Nøkkelpunkt

Verksemda sitt føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avløpsstenester. Verksemda skal utføra og formidla tenester og produkt, sånn som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.

- Delt offentleg eigarskap

• Samfunnsansvar • Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Bergen kommune er største eigar i verksemda med ein eigardel på 61,5%. I tillegg til Vaksdal er det 20 andre kommunar frå regionen inne på eigarsida. Verksemda har dei to siste åra hatt eit underskot av drifta. Underskotet skuldast variasjonar i driftskostnader. Verksemda har god likviditet og låg gjeldsbelastning		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	3 087	3 908	4 126
Inntekter	10 628	12 273	11 901
Resultat før skatt	-868	-299	706

Kommunekraft AS			
Eigardelar 3,20%	Verksemda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.		
Nøkkelpunkt	Kommunekraft er eigd av Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (56,88%), 129 kommunar og 8 fylkeskommunar.		
• Delt offentlig eigarskap • Samfunnsmessig ansvar	Verksemda har i fleire år hatt solid og stabil drift, men verksemda hadde eit underskot på om lag 1,2 MNOK i 2015. underskotet skyldas både ei reduksjon i inntektene, samt ei kraftig auke i andre driftskostnader. Verksemda hadde tilstrekkelig med eigenkapital til å dekke underskotet og har framleis god likviditet.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	1 886	3 170	2 752
Inntekter	1 714	2 686	2 849
Resultat før skatt	-1 283	571	252

2.4 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80

Vaksdal Næringssselskap AS			
Eigardelar 67,55%	Verksemda har som føremål å fremja næringsutvikling i Vaksdal kommune gjennom å utvikla eksisterande verksemder og ressursar samt skapa ny verksemd, herunder å førestå rådgjeving og finansieringshjelp til næringsverksemd.		
Nøkkelpunkt	Vaksdal kommune eig verksemda saman med mellom andre Daletec AS (6,75%) og Dale of Norway (6,75%).		
• Delt eigarskap med private aktørar • Samfunnsansvar	Verksemda har gått med underskot dei fem siste åra. Likevel har verksemda låg gjeldsbelastning og god likviditet. Underskota har ført til ei jamn minke i eigenkapital i same periode, men verksemda har ved utgongen av 2015 tilfredstillande eigenkapital. I undersøkinga blir det peika på at det hadde vore interessant å gjennomføre selskapskontroll av dette selskapet og sjå nærare på korleis selskapet nyttar midlane sine.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013

Eigenkapital	3 226	3 693	4 221
Inntekter	1 116	1 018	1 071
Resultat før skatt	-467	-528	-665

Modalen-Eksingedalen Billag AS

Eigardelar 28,34%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar

Verksemda skal driva bilruter, annan transport, verksemd i denne samanheng og investering i andre selskap.

Kommunen eig verksemda til samane med mellom andre Modalen kommune (19,37%), Grini Consulting AS (1,52%) og ulike privatpersonar.

Dei økonomiske nøkkeltala fortel om ei verksemd med stabil og solid drift.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	12 343	11 498	10 010
Inntekter	28 578	27 172	26 666
Resultat før skatt	1 278	2 249	2 106

Fjord Norge AS

Eigardelar 1,00%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsmessig ansvar

Verksemda sitt føremål er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg arbeidast med sesongutviding.

Vaksdal kommune eig verksemda saman med mellom anna Hordaland fylkeskommune (8,91%), Bergen Reiselivslag (11,30%), Møre og Romsdal fylkeskommune (8,90%), Sogn og Fjordane Reiselivsråd (8,90%) og Rogaland Fylkeskommune (8,90%).

Dei økonomiske nøkkeltala fortel om stabil og solid drift av verksemda. Lønnsomheita av drifte er relativt låg og små endringar i inntekt eller kostnad kan derfor føre til underskot, slik som i 2012. Verksemda har god likviditet og tilfredstillande blanding av eigenkapital og gjeld.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	5 313	5 306	5 305
Inntekter	47 653	46 991	50 251
Resultat før skatt	522	83	-262

BKK AS

Eigardelar 0,37%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
-

Verksemda sitt føremål er produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til disse områda. Verksemda kan og drive, saman med eller ved deltaking i andre føretak, med tilsvarande eller liknande formål.

Verksemda er eigd av 15 kommunar og Statkraft Industrial Holding AS (49,90%). Bergen Kommune er nest største eigar med ein del på 37,75%.

Konserntala viser ei verksemd med stabil og solid drift.

BKK har følgjande dotterselskap/eigarposisjonar, som alle fel utanfor §80:

- BKK Energitjenester AS
- BKK Enotek AS
- BKK Fiber AS
- BKK Kundetjenester AS
- BKK Marked AS
- BKK Nett AS
- BKK Produksjon AS
- BKK Varme AS
- Fjord Invest sørvest AS
- Fjordkraft AS
- Grønn Kontakt AS
- Industriutvikling Vest AS
- Modalen Næringsbygg AS
- Mongstad Vekst AS
- Sambandet Vest AS
- Sarsia Seed AS
- Sogn og Fjordane Energi AS
- Sognekraft AS
- Sunnfjord Energi AS
- Sunnhordland Kraftlag AS
- Tafjord Kraft AS

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014 (K)	2013 (K)	2012 (K)
Eigenkapital	5 993 000	5 434 776	6 358 000
Inntekter	3 730 000	249 243	3 894 000
Resultat før skatt	1 273 000	538 845	1 293 000

Biblioteksentralen SA

Eigardelar 6 andelar

Nøkkelpunkt

Verksemda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden.

Verksemda har god likviditet og god lønsemd av drifta. Vidare har Biblioteksentralen lav gjeldsgrad og ein høg del av eigenkapitalfinansiering. Nøkkeltala fortel om stabil drift dei siste åra.

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samvirkelag
- Stabil og solid drift

Verksemda er organisert som eit samvirkelag.

Biblioteksentralen har følgjande dotterselskap/eigarposisjonar, som alle fell utanfor § 80:

- NBT Ute AS
- Edda Bokhandel AS
- Bibliotekenes IT-Senter AS
- BS Lab AS
- BS Eurobib AS
- Norsk Bibliotektransport AS
- BS Undervisning AS
- ABM-Media AS

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015 (K)	2014 (K)	2013 (K)
Eigenkapital	305 529	195 039	162 191
Inntekter	805 974	671 801	574 291
Resultat før skatt	126 552	41 931	34 498

2.5 Foretak, samarbeid og foreninger

Kommunale foretak, vertskommunesamarbeid og foreninger er ikkje omfatta av regelverket om selskapskontroll, men nokre er likevel tatt med her for å få gi ei betre oversikt over kommunen sine interesser.

- Interkommunalt utvalg for akutt forurensning (IUA)
- Osterfjordrådet
- Osterfjord næringssamarbeid
- Bergen og omland friluftsråd (BOF)

2.6 Gjennomførte selskapskontroller

- Eierskapsforvaltningen i kommunen (2014-2015)

3 Forslag til selskapskontroll

På bakgrunn av informasjonen som er samla inn og analysert vil vi i dette kapittelet komme med forslag til selskapskontroll. Val og prioritering av selskapskontrollar vil gå fram av plan for selskapskontroll 2016-2020 som kontrollutvalet utarbeider.

Om ein kontroll skal omfatte eigarskapskontroll eller ein forvaltningsrevisjon av eit selskap er avhengig av kva kontrollutvalet vurderer som naudsynt.

	Selskap/område	Eigardel	Risiko-områder	Selskapskontroll
1	Eigarskapsforvaltninga	IA	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret	Eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon (innanfor § 80) Det blei gjennomført eigarskapskontroll i 2015
2	Vaksdal Næringsselskap AS	67,55%	• Eigarinteresser • Drift og ressursbruk	Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (utanfor § 80)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2016 Deloitte AS

Vaksdal kommune

Plan for forvaltningsrevisjon - **utkast**
2016 – 2020



Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020	7
2.1	Gruppe 1 – prioriterte prosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte prosjekt	7
3	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	9
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9

1 Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst éin gang i valgperioden og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

² Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til tilsette i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



³ For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Tabellane under vil bli fylt inn i møte når kontrollutvalet har bestemt kva prosjekt dei ønskjer å prioritere.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	Tema
1	•
2	•
3	•
4	•
5	•
6	•
7	•
8	•
9	•

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
1
2
3
4
5
6

7
8
9
10

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

⁴ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Vaksdal kommune

Plan for selskapskontroll - **utkast** 2016 – 2020



Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Oversikt over selskap	8
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	9
3	Selskapskontroll 2016-2020	10
4	Gjennomføring av selskapskontroll	11
4.1	Framgangsmåte	11
4.2	Gjennomføring og rapportering	11

1 Innleiing

1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemdar som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre kommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvisе selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte kommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller kommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvisе selskap. Eigarkontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader



1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiding, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for tilsette i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap kommunen har eigarskap i. Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Vaksdal næringspark AS	Verksemda sitt føremål er å eige og utleige anlegg for næringsverksemd, utvikle bustader for sal i Vaksdal kommune, samt alt som står i naturleg samanheng med dette. Verksemda kan delta i andre verksemdar, ved aksjeteikning eller på annan måte.	100 %
Kommunekraft AS	Verksemda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.	3,20 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Verksemda sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. 2.	2,85 %
Business Region Bergen AS	Verksemda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablere tenester, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment. Verksemda har ikkje erverv som føremål. Verksemda skal ikkje dele utbytte.	2 %
Driftsassistansen i Hordaland - Vann Og Avløp IKS	Verksemda sitt føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avløpsstenester. Verksemda skal utføre og formidle tenester og produkt, sånn som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.	1,10 %
BIR AS	Verksemda skal eige og forvalte verksemdar som skal sørge for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan og etablere innsamling, transport og handsaming av produksjon-, nærings- og farlig avfall.	0, 33%

2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Vaksdal næringspark AS	Verksemda har som føremål å fremja næringsutvikling i Vaksdal kommune gjennom å utvikla eksisterande verksemdar og ressursar samt skapa ny verksemd, herunder å førestå rådgjeving og finansieringshjelp til nærings- verksemd.	67,55 %
Modalen-Eksingedalen Billag AS	Verksemda skal driva bilruter, annan transport, verksemd i denne samanheng og investering i andre selskap.	28,34 %
Fjord Norge AS	Verksemda sitt føremål er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg arbeidast med sesongutviding.	1, 0 %
BKK AS	Verksemda sitt føremål er produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til disse områda. Verksemda kan og drive, saman med eller ved deltaking i andre føretak, med tilsvarande eller liknande formål.	0,37%
Biblioteksentralen SA	Verksemda skal være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden.	6 andelar

3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følgjer prioriterte selskapskontrollar. Under kvar selskapskontroll er det foreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestillinga av selskapskontroll.

Prosjekt	Tema
1	•
2	•
3	•
4	•

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

4 Gjennomføring av selskapskontroll

4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

4.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til kommunestyret saman med rapporten.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 217	16/1228

VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg:

Plan for forvaltningsrevisjon

Framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet må vurdere om det skal bestillas ny forvaltningsrevisjon.

Det må vurderast om kontrollutvalet skal velje ein forvaltningsrevisjon frå gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Eit alternativ er å bygge vidare på «Forvaltningsrevisjon Heimetenesta», til dømes å sjå på heilskapen i omsorgstenesta.

Det informeras om budsjettstatus 2016 for kontrollutvalet, slik at ein kan sjå om det fins midlar att i 2016 til å utføre ein revisjon/delar av ein revisjon.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2016	Kontrollutvalet	PS	14.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen		16/1226

HFK

Framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune informerte om deira tilbod til sekretariattenester i KU-møtet 11. mai 2016. Sjå protokollen for meir informasjon.

Kontrollutvalet arbeider vidare med å vurdere HFK som eit nytt sekretariat for kontrollutvalet.